

---

Saksnr: 2021/19603-1  
Saksbehandlar: Anne Silje Sylvarnes  
Dato: 03.05.2021

---

---

**Til:** Hovudutval for næring

---

**Frå:** Fylkesdirektøren

---

## Problemstillingar kring nullutslepp i verdsarvområdet Nærøyfjorden/Flåm

### Bakgrunn

Flåm er i ei særstilling. Flåm har om lag 400 fastbuande, men hadde 1,5 million besøkande i 2019. Talet cruiseanløp i Flåm i løpet av sesongen gjer Flåm til ein av Norges største cruisedestinasjonane. Dette gjev store moglegheiter, men og store utfordringar for ei lita bygd. Reiselivsnæringa er livsgrunnlaget for dei fleste som bur og arbeider i bygda.

Vi vil gjennom dette notatet orientere hovudutvalet om problemstillingar knytta til kravet om nullutslepp i verdsarvfjordar frå 2026. Vi har hatt møte med Aurland Hamnevesen og reiselivsaktøren Norways Best, der vi har vorte oppdatere og drøfta ulike problemstillingar. Vi har her formidla at fylkeskommunen gjerne er med og drøftar korleis vi kan arbeide for å skunde på løysingar som fremmar ei berekraftig omstilling. Vi har også hatt møte med Aurland kommune, der vi også var inne på problemstillingar som fremmar ei grøn omstilling.

**Omgjevnadane gir Flåm og Nærøyfjorden ein særskild status, men også særskilde utfordringar**  
Nærøyfjorden med omgjevnadar blei i 2005, saman med Geirangerfjorden, innskrive i UNESCO si verdsarvliste. Av dei 8 norske døma på kultur- og naturarv som er skrive inn på lista er det berre «Vestnorsk fjordlandskap» som er skrive inn som eit døme på unik naturarv. Dette gjer Nærøyfjorden og Flåm til ein attraktiv stad å besøke og er noko av det som i dag gjer Flåm til eit såkalla reiselivsfyrtårn i Norge.

Med 1,5 million besøkande på eit år, der størstedelen kjem om sommarmånadane, så seier det seg sjølv at dette stiller eit betydeleg større krav til kommunale tenester, beredskap og infrastruktur enn storleiken på bygda tilseier. Eit døme er parkeringsutfordringar på toppdagane om sommaren. Som andre typiske turiststadar er heilårsarbeidsplassar ei utfordring for Flåm. Koronaviruset og reiserestriksjonar har vore spesielt krevjande for reiselivet. Flåm har arbeidd godt med å utvikle eit heilårsreiseliv og med det heilårsarbeidsplassar. Men med koronapandemien har dette arbeidet naturlegvis blitt råka.

### Nullutsleppsvedtaket

3. mai 2018 fatta Stortinget følgjande vedtak:

«Stortinget ber regjeringen implementere krav og reguleringer til utslipp fra cruiseskip og annen skipstrafikk i turistfjorder samt andre egnede virkemidler for å sørge for innfasing av lav og nullutslippsløsninger i skipsfarten fram mot 2030 herunder krav om nullutslipp fra turistskip- og ferger verdensarvfjordene så snart det er teknisk gjennomførbart og senest innen 2026».

### Problemstillingar kring nullutsleppsvedtaket

Nullutsleppsvedtaket er krevjande for Flåm som er avhengig av cruisetrafikken. Det vil krevje ei omstilling i reiselivsnæringa i Flåm med omland.

Gitt at cruisetrafikken tek seg opp att etter koronapandemien er det per i dag ikkje nokon store cruiseskip som kan gå inn til Flåm i 2026. Dette har stor økonomiske konsekvensar for reiselivsbedriftene i Flåm. Det vil vere viktig å ivareta det lokale verdiskapingsgrunnlaget for bygda.

Det betyr at ein må sjå på moglegheiter rundt det å skyssse besøkande inn via andre hamner. For at cruiseskipgjestene skal kunne kome inn til Flåm er det då to alternativ som peikar seg ut. Ein måte å skyssse cruisepassasjerane inn i verdsarvområdet er ved bruk av mindre nullutsleppsåtar. Det er allereie utbygd gode kaianlegg og infrastruktur til dette i Flåm og meir utbygging av anlegget er på veg. Flåm ei av hamnene som har fått støtte frå Enova til å bygge ut landstraumsanlegg. Landstraumsanlegget skal etter planen vere oppe å gå seinast 1. juli 2022.

Det vil vere langt fram før store cruiseskip kan ta i bruk landstraumen i Flåm. Det finns ikkje store cruiseskip som er utsleppsfrie i dag og teknologien for å kunne segle utsleppsfritt over lengre distansar med så store skip er ikkje på plass. Så lenge skipa kan segle langs kysten vår og i verda elles utan krav til nullutslepp og mogelegheiter for lading tek det venteleg si tid før ein større del av flåten kan segle lengre distansar utan utslepp.

Bussar er eit anna alternativ. Dersom ein skal bruke buss som skyssmiddel er det viktig at dei er elektriske og at infrastrukturen for at dei kan ladast er på plass. I eit grønt skifte er det viktig at dei besøkande ikkje forureinar meir enn nødvendig. Det må også leggest til rette for at det er infrastruktur som kan ta i mot den store mengda bussar som vil komme til Flåm, dersom cruisepassasjerar skal komme via buss.

Mange av bedriftene i Flåm i dag har basert seg på at kundane kjem sjøvegen med cruise. For dei er det nødvendig med midlar til omstilling og utvikling av nye løysingar. Nye forretningsmodellar må på plass. Flåm er viktig for reiselivsnæringa i fylket. Det er avgjerande at Flåm lukkast med å tilby eit solid og godt reiselivstilbod i tråd med turistane sine forventingar til besøk i ei verdsarvbygd.

### **Vegen vidare**

Det er behov for å sjå dei ulike initiativa i samanheng. Her kan fylkeskommunen ha ei rolle, både for å sjå initiativ i samanheng, men også med å løfte problemstillingane inn for statlege myndigheiter. Fylkeskommunen kan også ev vere med å støtte konkrete utviklingsprosjekt som veks fram, kort og godt for å stimulere til ei berekraftig omstilling. Fylkeskommunen har elles vore i kontakt med Aurland kommune, og dette er ein av kommunane som vi har meldt inn til Kommunal- og moderniseringsdepartementet med tanke på deltaking i eit omstillingsprogram for kommunar. Dette dels grunngjeve med at Aurland som så mange andre kan ha god nytte av å vere med på eit samarbeid der ein stimulerer for berekraftige løysingar framover.

Ein del av desse problemstillingane er samanfallande med Geiranger som også er utfordra av nullutsleppsvedtaket. Vi har difor hatt møte med Møre og Romsdal fylkeskommune og vil halde kontakt med Møre og Romsdal om tiltak som dei gjer - og sikre god overføring av kunnskap og erfaringar. Og frå fylkeskommunen si side tenkjer vi oss ein framstøyt overfor sentrale styresmakter for å få drahjelp til den grønne omstillinga.